

Møteplass for småbarnsfamiliar – utlysning av tilskot til drift

Kva slags møteplass?

Tilbydaren må leggja til rette ein møteplass i eige lokale i Bryne. Møteplassen skal:

- vera ein stad for leik og sosialt samvær for barn i følgje med deira omsorgspersonar, der omsorgspersonane sjølve har ansvaret for omsorga for barnet
- ha leiker og materiell til aktivitet tilpassa målgruppa
- ha eit vertskap som er til stades i opningstida, og som legg til rette for leik og sosialt samvær
- tilby felles måltid, anten ved at brukarane har med matpakke, eller at det blir servert mat til ein låg pris. Prisen skal ikkje vera til hinder for oppmøte. Det må då gis dispensasjon frå betaling til desse familiare
- vera i eit lokale som eignar seg til føremålet og som er lokalisert sentralt i Bryne, slik at småbarnsfamiliar utan bil skal kunne delta
- ha ein kapasitet mest mogleg tilsvarande dagens tilbod i open barnehage eller meir. Våren 2024 har det i snitt vore 30 barn per dag tilhøyrande 70 familiar i open barnehage
- ha opningstider mest mogleg tilsvarande dagens tilbod i open barnehage eller meir, dvs. 3 dagar i veka.

Tilbodet skal **ikkje** vera omfatta av barnehagelova §6.

Kven kan søka?

Til å driva møteplassen søker Time kommune etter ein frivillig organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret eller Einingsregisteret, og som har eit ideelt føremål.

Tilskot og avtaleperiode

Til å driva møteplassen har kommunestyret sett av 300.000 kroner på årsbasis. For hausten 2024 vil tilskotet bli avkorta i tråd med avtale om tidspunkt for oppstart. For påfølgande år blir det tatt atterhald om løyving av midlar til føremålet i dei årlege kommunebudsjetta.

Avtaleperioden blir i denne omgang ut 2027, dvs. 3 år pluss nokre månader hausten 2024 til etablering og oppstart, jf. likevel avsnittet ovanfor. I god tid før utløpet av perioden skal ordninga evaluerast. Kommunen vil då ta stilling til vidareføring av ordninga.

Oppstart

Ønska oppstart av tilbodet er 1. september 2024 eller tidlegare.

Rapportering

Drift av møteplassen skal årleg rapporterast til kommunen. Rapporteringa skal omhandla aktivitetstilbod, opningstider, tal på brukarar og rekneskap.

Evalueringsskriterium

Innleverte tilbud/søknader om tilskot vil bli evaluerte opp mot momenta nemnt i avsnittet Kva slags møteplass? ovanfor. Det vil bli lagt vekt på at tilbodet er lett tilgjengeleg, kan nå mange, har eit innhald som vil appellera breitt til målgruppa, og er i tråd med «alle med»-tanken.